

 <b>HORDALAND FYLKESKOMMUNE</b>	<b>Om godtgjersle til elektroniske kommunikasjonstenester</b>		
	Dokumenttype: Gjennomføringsdokument	Godkjend av: Organisasjonsdirektøren	Gjeld frå: 01.08.2014
Utarbeidd av: Personalseksjonen	Godkjend dato: 19. juni 2014	Revidert dato:	Arkivsak: 2014/12509-2

## 1. Innleiing

Det skal vere ein enklast mogleg administrasjon av ordninga godtgjersle til elektroniske kommunikasjonstenester. Ordninga skal oppfylle krava i skattelova.

## 2. Arbeidsgivar sitt ansvar

Arbeidsgivar har plikt til å gjennomføre korrekt forskotstrekk og innberetning for sine tilsette. Det er derfor viktig at ein ser etter at den faktiske bruken av ei arbeidsgivarfinansiert EK-teneste er i samsvar med det som vert lagt til grunn for forskotstrekk og innberetning.

Arbeidsgivar må gi melding til Servicesenter løn om kven som er tilstått arbeidsgivarfinansiert EK-teneste, bruk skjema «Andre meldingar».

Arbeidsgivar skal registrere utlevert utstyr til EK-tenester i Personalportalen på den enkelte arbeidstakar som «Tilleggsgoder», samt gi opplysningar om kva ordning utstyret kjem inn under. Dette gjeld også utstyr som tablets, ipad, lese Brett og berbar pc.

Den einskilde skole/avdeling skal til ei kvar tid ha tilgjengeleg oversyn over kven som er tilstått fast telefon, mobiltelefon, m.m., og på kva grunnlag.

## 3. Vilkår

- A. Som hovudregel skal mobilabonnement i HFK vere personlege. Det vil seie at abonnementet skal knytast til ein namngitt person. Skattlegging for fordelten av arbeidsgivarfinansiert EK-teneste skal gjennomførast for alle arbeidstakarar som disponerer ein arbeidsgivarfinansiert telefon eller andre former for elektroniske kommunikasjonstenester utanfor si vanlege arbeidstid. (Dette vil t.d. vere i arbeidstakar si fritid, og der arbeidstakar har beredskapsvakt osv.). Det har likevel ingen betydning for skattlegginga om det er arbeidsgivar eller arbeidstakar som står som abonnent. Den faktiske fordelinga mellom privat bruk og bruk i tenesta har heller ingen betydning for skattlegginga. Godkjennar av eit slikt abonnement skal sjå til at abonnementet blir merka som «Fri» ved bestilling av abonnementet (TDC).
- B. Arbeidstakarar som kan sannsynleggjere (normalt med skriftleg dokumentasjon) at dei på grunnlag av avtale med arbeidsgivar ikkje har kunna disponere telefonen privat, vert ikkje skattlagt. Godkjennar av eit slikt abonnement skal sjå til at abonnementet blir merka som «Kontor» ved bestilling av abonnementet (TDC).
- C. Ikkje-personlege abonnement vil som hovudregel vere telefonar som er knytte mot bankterminalar, vakttelefonar eller alarmsystem. Godkjennar av eit slikt abonnement skal sjå til at abonnementet blir merka som «Kontor» ved bestilling av abonnementet (TDC).
- D. Arbeidstakarar som ikkje har arbeidsgivarfinansiert telefon eller får stønad til privat mobiltelefon kan få dekt utgifter til nødvendige tenestesamtalar etter spesifisert rekning.

## 4. Verknad for privatøkonomi

For informasjon sjå også [www.skatteetaten.no](http://www.skatteetaten.no)

Arbeidsgjevar si dekning av teletenester blir av staten rekna som eit gode som vert skattlagt etter særlege reglar. Arbeidstakarar som har tilgang til å disponere ei eller fleire arbeidsgivarfinansierte

 <b>HORDALAND FYLKESKOMMUNE</b>	<b>Om godtgjersle til elektroniske kommunikasjonstenester</b>		
	Dokumenttype: Gjennomføringsdokument	Godkjend av: Organisasjonsdirektøren	Gjeld frå: 01.08.2014
Utarbeidd av: Personalseksjonen	Godkjend dato: 19. juni 2014	Revidert dato:	Arkivsak: 2014/12509-2

elektroniske kommunikasjonstenester (EK-tenester) utanfor sin ordinære arbeidssituasjon, får pr 01.01.2014 eit påslag i inntekt på inntil kr 4392,- (sats er fastsett i forskrift til skattelova). Sporadisk brukstilgang til arbeidsgivar sine elektroniske kommunikasjonstenester gir ikkje skattepliktig overskot. Vilkåret er at bruken ikkje overstig 14 dagar på ein 30-dagars periode, og ikkje meir enn totalt 30 dagar i eit inntektsår. Dersom arbeidsgivar dekkjer arbeidstakar sine utlegg til tenestesamtalar, og desse er nærare spesifisert etter rekning, kan arbeidstakar få dette skattefritt.